

# Fjell kyrkjeblad

Nummer 1 – 2019



## – Klart vi skulle døype!

---

SIDE 4



➤ Juleenglene SIDE 8



➤ Nye stolar i Foldnes kyrkje SIDE 10

# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år.  
For utanbygds: kr 250,-.


**Utgjevar:**  **DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjell kyrkjelege fellestråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidedeilete:** Elisabeth Midttveit saman med sonen Lionel. Foto: Maria Tveten

**Trykk:** Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellestråd,  
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksdresse:** Fjell kyrkjekontor,  
Tytærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell  
www.kyrkja.no/t-dagen

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellestråd:** 1503.84.35067

## Innleveringsfrist

for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 04. mars 2019

# Leiar

Godt år!

Me er allereie eit godt stykke inne i det nye året. Ved inngangen til eit nytt år kjennest det som om ein kan starte med nokre blanke ark. Det kan vere ein god følelse sjølv om me veit at realitetane er annleis. Dei same oppgåvene og utfordringane møter oss sjølv med eit årsskifte.

Dei gamle sa «om me lever og har helse» når dei snakka om framtida. Det var ei realitetsorientering og eg tenkjer at me også skal ta dette på alvor. God helse og eit langt liv er ikkje sjølvagt. Då er det godt å lene seg til Gud som veit alt og rår med alt, både i liv og død.

Dette er siste året at kommunane Fjell, Sund og Øygarden eksisterer som eigne kommunar. Som følgje av dette vert også kyrkja (Dnk) slått saman på fellestrådsnivå. I kyrkjeblada utover i 2019 vil me orientere om korleis dette vert og kva det betyr for kyrkjelydane lokalt.

**Olav Martin Vik**  
Kyrkjeverje og redaktør



Me ønskjer sjølvagt at du også i 2019 vil besøke gudstenestene våre, at de foreldre vil døype borna og sender borna på våre leirar, kor og andre aktivitetar, og at dei unge ønskjer å konfirmere seg i kyrkja. Eg kan ikkje rekne opp alt. I kyrkjeblada og på våre nettsider finn du oversikt over det som skjer ute i kyrkjelydane lokalt. Våre medarbeidarar, både løna og uløna, står klar til å ta imot born, unge og vaksne.

Dette året ønskjer eg at me løfter fram kor viktig det er med frivillige medarbeidarar i kristne samanhengar. I Fjell, Foldnes, Landro, Sund og Øygarden har me rundt 800 frivillige. Dette er ein stor og svært viktig ressurs. Takk til dykk frivillige som tek nye tak i 2019.

Hugs også at om du vil døype bernet ditt hos oss, må du kontakte oss. Personvernreglane gjer at me ikkje lenger får melding om fødde, og då kan me heller ikkje sende invitasjon til dåp.

Ha ein fin ettevinter.

# Personalnytt

## Takk, Silje!

Silje Kristine Hornnes frå Møvik har vore tilsett som ungdomsarbeidar i Kyrkja i Fjell frå august 2018 til januar 2019. Denne våren drar ho til Montpellier i Frankrike for å studere, og ho sluttar derfor i kyrkja og FUNK. Takk for alt det gode du har delt Silje, og lykke til på din veg vidare. Ungdomar og kollegaer vil sakne deg og ditt gode engasjement!

## Velkomen, Evelyn!

Evelyn Kjøsnes Handegård tar over stafettpinnen frå Silje og er begynt som ungdomsarbeidar i kyrkja. Ho har sjølv vore ein del av ungdomsmiljøet i kyrkja frå ho var konfirmant, og ho gler seg no til å jobbe med Ungdomslørdag, Landroklubben, leir, konfirmantar og leiartrening. Evelyn bur i Arefjord, og har no i januar avslutta militærtjenesta i Nord-Noreg. Vi gler oss stort over at akkurat Evelyn har sagt ja til å jobbe med og saman med ungdomane i FUNK og kyrkja i Fjell, Foldnes og Landro!



Evelyn Kjøsnes Handegård



**Søgnie Lillevik Nilsen**

Kyrkjelydspedagog – T-dagen



## Andakta

Fødsler er så ulike; nokre blir fødd med rumpa først, nokre med hovudet, andre med nasen og nokre er så heldige at dei til og med blir fødd med ski på beina.

Eg har høyrte rykte om at Jesus vart fødd med hendene først. Han strakte seg ut mot livet, og mot mor og far sin. Snart strakk desse små hendene seg mot gjeterane og sauane deira, og til dei vise mennene ifrå aust.

Seinare blei hendene vaksne, og strakte seg mot dei små og minste i samfunnet, mot dei rike, mot andre nasjonalitetar, mot dei som var sjuke, dei med angst, dei som sørgja, dei som var glade, dei som var innanfor og dei som var utanfor, og til og med mot dei som var hans fiendar.

Det fins mange forteljingar som beskriv kor unik Jesus var. Bibelen er proppfull av slike forteljingar. Heldigvis er det mange som har gjort desse forteljingane om til litteratur og kunst i ulike stilar.

Sjølv er eg ingen kunstnar, førebels. Men det er eitt bilete eg har med meg i kvardagen, om eg føler at eg må rygge ut av senga om morgonen, eller om eg faktisk vaknar med ski på beina og er superklar for den nye dagen. Det er måleriet som ein konfirmant viste meg og sa; "Der er Gud!". Eit bilete av Jesus og dei utstrakte hendene hans.

Bilete er i himlingen i Fjell kyrkje, måla av Bjørn Tvedt. Eit stort måleri av Jesus som strekker hendene sine ut mot alle. Måleriet møter meg og alle, som kjem inn i dette rommet. Det fortel meg at alle kan ta imot Jesus sin kjærleik i form av trøyst, oppmuntring, styrke, og fridom, slik som vi er og slik som vi har det. Om vi hadde ein slitsam setefødsel- overgang til det nye året, eller om overgangen gjekk som smurt, og vi er på ein fjelltopp med nye randonee-ski.

Legg merke til dette måleriet neste gong du er i Fjell kyrkje. Om du ikkje

## Innhald

– Klart vi skulle døype! .....	4
Året 2019 og samanslåing av kyrkjelege fellesråd .....	6
Bibeldagen 2019 .....	7
Juleenglene .....	8
Julefest i Fjell kyrkje .....	9
Nye stolar i Foldnes kyrkje .....	10
Julefest i Foldnes kyrkje ...	11
Landro gravplass – anleggsarbeidet er i gong .....	12
Julefest i Landro kyrkje .....	13
Statistikkar for 2018 .....	13
T-dagane .....	18–19

har moglegheit til å være der, vit at desse armene strekk seg ut mot deg uansett kor du er og korleis du har det, heilt ut til Sund og heilt ut til Øygarden, og over fjorden til Amerika og langt austover.

Godt nytt år, i Jesus sine armer.

## Personalnytt



Vetle Karlsen Eide

### Velkomen, Vetle!

Me ønskjer Vetle Karlsen Eide velkomen som prest i Fjell. Han skal vikariere for Terje Aannerød som er sjukmeldt. Til dagleg arbeider Vetle som rådgjevar for diakoni og misjon i Bjørgvin bispedøme. Vetle skal arbeide i 50 % stilling som fungerande sokneprest i Fjell sokn. Han skal også arbeide med konfirmantundervisning og soknerådsoppgåver. Førebels er vikariatet fram til 30.6.2019.

### Takk til Anne-Kari!

Anne-Kari Vik har vore tilsett på kyrkjekontoret i Fjell sidan februar 2014, først som kontorsekretær, og seinare også som informasjonsmedarbeidar. 1. mai byrjar Anne-Kari i ny stilling som administrasjonsleiar i IMF-ung. Vi gratulerer Anne-Kari med ny jobb, og IMF-ung med ein fantastisk medarbeidar! Så vil vi takke Anne-Kari for vel utført arbeid og godt medarbeidarskap i åra ho har arbeidd på kyrkjekontoret. Lukke til med nye oppgåver!

# – Klart vi skulle døype!

«Det skjer et under i verden, hver gang et barn blir til» syng vi i den vakre salmen Gerd Grønvold Saue har skrive. Når eit barn blir boren til dåp i kyrkja, så blir vi på ein særskild måte minna på det underet livet er.

**TEKST OG FOTO: MARIA TVETEN**

Fjoråret var det året dei nye personvernreglane (GDPR) for alvor gjorde sitt inntog i Den norske kyrkja. Det førar mellom anna til at kyrkja ikkje lenger får melding når nokre av medlemmane i kyrkja får eit nytt barn. Då kan vi heller ikkje sende ut invitasjon til dåp, slik vi har brukt å gjere. Her i Fjell er talet på døypte ganske høgt, og vi håpar sjølv sagt at det fortsatt vil vere naturleg å bere barn til dåp.

## Ein festdag

Ein av familiane som fekk barnet sitt døypt i fjor, er Elisabeth Midttveit og Daniel Bergem Zahl, som bur på Blommen. Frå før har dei to jentar, Lykke (6 år) og Liana (3 år), men i mai fekk dei tredjemann, Lionel. Berre tre veker etter fødselen var Elisabeth på sitt tredje dåpskurs. Lionel skulle

døypast 9. september i Foldnes kyrkje. Vi spurde Elisabeth kvifor dei valde å døype Lionel.

– Vi synest det er ei fin feiring. Det er ein festdag kor alle i familien vert invitert. Vi markerer og feirar at Lionel er fødd. Vi vel å døype fordi vi vil at barna våre skal høyre til og ha del i den tryggleiken som finst i kyrkja. Vi vèl for barna våre no, og så må dei velje sjølv når dei er i konfirmasjonsalder. Eg trur det er lettare for konfirmantar å ta eit standpunkt om å fortsatt høyre til viss dei allereie er døypte.

Nokre foreldre er ueinige om det er rett å døype. For Elisabeth og Daniel var det ikkje vanskeleg å vite kva dei skulle gjere:

– Klart vi skulle døype! Det er tradisjon, og i både min og Daniel sin familie er alle døypte, så det var ikkje eit vanskeleg val for oss.

Vidare fortel Elisabeth at Lykke og Liana fekk vere med å delta i dåpen. Dei tok av dåpslua og tørka Lionel på hovudet.

Elisabeth fortel vidare at då den eldste jenta deira, Lykke, vart fødd, var det Daniel sin bestefar som døypte henne. Han heiter Inge Bergem og er prest, sjølv om han naturlegvis er pensjonist for fleire år sidan. Den gongen blei det skrive ein artikkel i avisa Vårt Land om oldefaren som døypte fjerde generasjon. Kyrkjebladet er altså ikkje dei første som intervjuar denne familien om dåp!





Elisabeth Middtveit saman med sonen Lionel.

### Mykje arbeid?

Nokon tenkjer at det er mykje arbeid med å skulle døype og lage til dåpsfest etterpå. Vi spør Elisabeth om ho har nokre tips til dei som fryktar stresset?

– Gjer det du klarer! er Elisabeth sitt umiddelbare råd. – Vi gjorde mykje sjølv, men fekk og god hjelp fra familie og venar. Vi feira heime hjå mine foreldre på Straume, vi lagde lasagne og salat sjølv og så bestilte vi pizza. Eg tenkjer at det er vi som vel kor vi legg lista, både på kor mykje ein sånn fest skal koste og kor mykje arbeid det skal vere. Det viktigaste er å få vere saman, ikkje at gjestene får trerettars middag!

Far til Daniel, som kjem frå Oslo, hadde laga eit stev til Lionel. Det er eit av dei mange fine minna Elisabeth har frå dåpsfesten.

### T-dagar

Veka etter at vi hadde møtt Elisabeth og Lionel på dåpskurs, traff vi ho og barna att på T6 i Landro kyrkje. Då var det Lykke, som byrja i første klasse i haust, som skulle på T-dag.

Elisabeth fortel at det å følgje barna på T-dagar og vere med på andre arrangement, som til dømes juletreffest i kyrkja, er viktig for dei.

– Eg håpar at dei og vil velje å høyre til i kyrkja når dei vert eldre, seier Elisabeth avslutningsvis.

### DÅP I KYRKJA:

- Over 30 000 barn og vaksne vart døpyte i Den norske kyrkja i 2017
- I Fjell blir omtrent 220 barn og vaksne døypt kvart år
- Alle som vert døypt skal ha minst to fadrar
- Alle kan bli døypt, uansett alder, men dei fleste vert døypte som barn.
- I dåpen vert vi erklært som Guds barn, og blir ein del av det store verdsvide fellesskapet av kristne.
- Meld deg på dåp her: [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)



Foreldre med dåpsbarnet Lionel, Lykke (6 år) og Liana (3 år). Foto: privat

# Året 2019 og samanslåing av kyrkjelege fellestråd

Året 2019 er året då fellestrådsområda Fjell, Sund og Øygarden vert slått saman og får namnet Øygarden kyrkjelege fellestråd. Det nye valde fellestrådet trer i funksjon 1.12.2019, men så er det ei overgangsordning for sjølve verksemda i desember 2019.

TEKST: KYRKJEVERJE OG PROSJEKTLEIAR OLAV MARTIN VIK

## Først – kva er eit kyrkjeleg fellestråd

Dei kyrkjelege fellestråda skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide planar for kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremme samarbeid mellom sokneråda samt ivareta deira interesser i høve til kommunen. Rådet har m.a. ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar, samt arbeidsgivaransvar for tilsette i kyrkjelege stillingar utanom sokneprestane. Kyrkjeleg fellestråd skal ha ein dagleg leiari (kyrkjevevje) for verksemda.

## Sokna består – men formell samanslåing av sokna i Øygarden

Det er ingen endring i soknegrensene som følgje av kommunesamanslåinga. I dagens Øygarden vert Hjelme sokn og Blomvåg sokn no formelt slått saman til eitt sokn med namnet Hjelme og Blomvåg sokn. Bispedømerådet har no godkjent dette. Samanslåinga får verknad for kyrkjevalet i 2019. Det har i mange år vore eit såkalla samanslått sokneråd som ei etablert prøveordning etter godkjenning frå departementet.

## Kyrkjeleg samanslåing er i rute – vedtak er fatta

Samanslåinga av fellestråda følgjer dei same spelereglane som kommunesamanslåinga. Kyrkjeleg samanslåing er i rute. Den kyrkjelege fellestråden gjorde vedtak 4.12.2018 om organisering og lokalisering av det nye fellestrådet. I kommande nummer av kyrkjebladet vil me informere meir konkret om kva dette betyr for kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen.

## Seksjonar

Verksemda vert organisert i seksjonar. Desse seksjonane har fått namnet: administrasjon, kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, barn og unge og diakoni. Seksjonane vert leia av ein seksjonsleiari. Seksjonsleiarane har starta arbeidet med å organisere sine seksjonar på tvers av dagens fellestrådsgrensar. Dette vil medføre at våre medarbeidarar allereie utover etter vinteren og våren vil merke samanslåinga meir konkret fordi mykje må samordnast.

Informasjon om samanslåing av fellestråda finn ein på [www.kyrkja.no/nyeoygarden](http://www.kyrkja.no/nyeoygarden)

## Dette er seksjonsleiarane i det nye fellestrådet:



**Borghild Hustad Berge**

Administrasjon og ass. kyrkjevevje



**Norvald Snekkevik**

Kyrkjer og gravplassar



**Olav Sørheim**

Kyrkjemusikk



**Rannveig Vestbøstad Vik (konst.)**

Barn og unge



**Torbjørn Fjøren**

Diakoni

## Takk til Fjell kommune

Fjell kommunestyre har i sitt årsbudsjett for 2019 løyvd kr 15 525 000 til Fjell kyrkjelege fellesråd. Løyvinga er i samsvar med det fellesrådet hadde lagt inn i sitt budsjettforslag. Fjell kyrkjelege fellesråd takkar Fjell kommune for rammeløyvinga. Løyvinga gjer at ein kan vidareføre kyrkja si drift i 2019 slik den var i 2018.

## Hopp og sprett og tjo og hei!



Merker du også at borna får litt makk utpå laurdagane? Det kan du enkelt gjera noko med.

På Familie KRIK i Bibelskulehallen er det umogleg å ikkje røre på seg. Der leiker vi, og der spelar vi. Der lagar vi hinderløype, og der klatrar vi. Både i ribbevegg og i klatrevegg og i buldrerom.

Borna tek nye steg, og klatrar høgare og høgare. Men også fedre og mødre får utfordra høgdeskrekken, og kjenna kjensla av meistring på toppen.

Familie KRIK er opent for alle familiar. I fjor haust var vi mellom fem og 70 på samlingane. Som oftast ein stad midt i mellom. Det er plass til deg og din familie også.

Følg «Familie KRIK Bildøy» på Facebook for informasjon før kvar laurdag.

Anders Ekanger

# Bibeldagen 2019

## søndag 17. februar

Økumenisk samling i Nygård kirke kl. 18.00.

**TEKST: KARL JOHAN HALLARÅKER**

Bibeldagen dette året har fokus på Bibelen til nye språk i Etiopia. Tradisjonen tro inviteres det fra både Bergen og distriktet til storsamling i Nygård kirke, på Ytre Laksevåg denne bibeldagskvelden. Det er da en stor glede å fortelle at dette året får vi storfint besøk av pastor og bibeloversetter Tesfaye Abebe fra Etiopia. Han kommer sammen med Bibelselskapets Hans J. Sagrusten.

Det blir også møte med etiopiamisjonærer fra NMS og NLM denne kvelden samt annet etiopiapreg. Videre får vi sang ved et av distriktets beste kor – Sotra Reviderte med sin dirigent Olav Sørheim.

Vi håper du merker deg datoen og får mange med deg til denne viktige samlingen. Varmt velkommen. Se

også annonser og nærmere info på Nygård menighets hjemmeside (kirken.no/nygard og Facebook – Nygård kirke) eller bibelmisjonens egen presentasjon av årets opplegg.

Arrangementskomiteen består av Anne L. og Knut Kaldestad, Gunn Berit Guldbrandsen, Anne Marie og Karl Johan Hallaråker i samarbeid med Nygård menighet og Det norske Bibelselskap.

På Bibeldagen 2019 støtter Bibelselskapet tre nye oversettelser, til konso-, kambatta- og hadiyya-språket i Etiopia. Disse tre språkene blir snakket av 2,4 millioner mennesker. Det er mer enn 80 ulike språkgrupper som trenger sin egen bibeloversettelse i Etiopia

## BIBELDAGEN 2019

Økumenisk samling  
17. februar kl 18:00 i  
Nygård kirke



Bibelen til nye språk i Etiopia.

Besøk av pastor og bibeloversetter Tesfaye Abebe fra Etiopia. Han kommer sammen med Bibelselskapets Hans J. Sagrusten.



Møte med etiopiamisjonær fra NMS og NLM denne kvelden samt annet etiopiapreg.

Sang ved et av distriktets beste kor - Sotra reviderte med sin dirigent Olav Sørheim.

**FOR MER UTFYLLENDE INFORMASJON - SE KIRKEN.NO/NYGARD ELLER FACEBOOK: NYGÅRD KIRKE**

Arrangementskomiteen består av Anne L og Knut Kaldestad, Gunn Berit Guldbrandsen, Anne Marie og Karl Johan Hallaråker i samarbeid med Nygård menighet og Det norske Bibelselskap.





# Juleenglene

Julen 2014 var det første året Juleenglene ble arrangert, og det har siden den gang blitt til en fin, årlig tradisjon. Juleenglene er en innsamlingsaksjon av julegaver til barn i vanskeligstilte familier. Vi kaller det en juledugnad.

TEKST: AINA LØVÅS LOKØY



Den som ønsker å bidra med en eller flere julegaver, melder seg som deltaker på vårt arrangement på Facebook og leverer gaven(e) til oss på innsamlingsdagen i Fjell kyrkje.

Fra starten har vi opplevd et fantastisk engasjement og en herlig giverglede som har sørget for at vi har kunnet gi videre hundrevis av julegaver til våre samarbeidspartnere hos Sundenglene, Frelsesarmeen og Arna Mottakssenter. Disse videreformidler gavene til de familiene som har bedt om hjelp med julegaver til sine barn.

Nytt av 2018 var at vi utvidet innsamlingsaksjonen til også å gjelde mat (tørrvarer og hermetikk). Vi inngikk samarbeid med Meny Sartor og Rema 1000 Godvik, og i begge butikker hadde vi stående en handlevogn hvor de som ønsket kunne donere matvarer/ noe ekstra godt til jul. I tillegg mottok vi gavekort fra begge butikkene som det ble handlet mat for.


Gleden var også stor da vi fikk vite at Fjell Sokneråd hadde bestemt at kollekten etter Gospel Night i november, skulle tilfalle Juleenglene. Hele kr 13.676,- ble samlet inn, og

beløpet ble i sin helhet brukt til å handle julegaver og mat til denne innsamlingen.

Til sammen kunne vi levere videre 350 julegaver og 37 kasser med mat til våre samarbeidspartnere takket være alle disse bidragene. Vi vet at mange familier gikk en litt hyggeligere jul i møte på grunn av dette.

Julen 2019 gjentar vi vår juledugnad, og vi håper du vil være med!





**I stilla og tillit skal  
dykkar styrke vera!**

## Retreat- kveld

Vi har i mange år hatt retreatsamlingar i Fjell kyrkje. Dette held vi fram med ein gong i månaden, også i vår. Samlingane er opne og uforpliktande, og høver for alle som treng ein pustepause med påfyll. Her kan ein helt uforpliktande komme å setje seg i benken, finne ro, lytte til vakker orgelmusikk og tenke sine egne tankar. Vi deler ut ark med kommande sundags tekstar, slik at vi kan lese, be og tenke over den sjølve. Ein kort innleiande refleksjon kring teksten vert alltid gjeven. Askeonsdag vert det nattverd. Hjarteleg velkommen.

*Retreatkomiteen i Fjell*

**Våren 2019 i  
Fjell kyrkje kl. 20.00:**

Onsdag 30. januar  
Onsdag 20. februar  
Onsdag 6. mars – Askeonsdag.  
Knut Kaldestad er liturg, nattverd.  
Onsdag 3. april

Tid til ro i Guds hus

Tid til Bibelen

Stillhet

Musikk

Enkel kveldsbøn

Ein kopp te

## Julefest

**TEKST: SØGNIE LILLEVIK NILSEN**

Unger, unge, vaksne og eldre, alle generasjonar var med å feire jula, det nye året og fellesskapet i Fjell kyrkje. Julebodskapet, kjærleiksgåva Jesus, vart fint formidla av Kari Burke Romarheim. Kakao og gode kaker,

gøy underhaldning, quiz , juletre-gang som vanleg og tradisjonen tru, tre kongar som hadde godteposar til både store og små. Takk for ein livsforlengande ettermiddag.






# Nye stolar i Foldnes kyrkje

Romjula vart ei travel tid i Foldnes kyrkje. Etter å ha vore i flittig bruk i snart 18 år, var mange av stolane i kyrkja øydelagde og modne for utskifting.

TEKST: ANNLAUG BØRVE  
FOTO: YNGVILD SØRHEIM



Dei nye stolane på plass.



Boning, vasking og klargjering av golv i romjula. Foto: Norvald Snekkevik

Dei stolane som framleis kunne brukast vart frakta vidare til nytt liv i andre kyrkjelydar, resten vart kasserte. Golvet vart vaska og bona, og på nyttårsaftan vart 500 nye, flotte og komfortable stolar sett på plass Foldnes kyrkje.

Dei nye stolane vart kjøpt inn etter ein anbudsprosess der åtte leverandørar kom med tilbud på stolar til kyrkja. Etter ei grundig vurdering av mellom anna stoffkvalitet, garantitid, estetikk, sitjekomfort og pris, vann Svartdahl

Design AS konkurransen med stolen «Faktor» som er produsert av Fyresdal tre. Det er Fjell kommune som har finansiert stolkjøpet med kr 1,5 millionar. Vi gratulerer kyrkjelyden i Foldnes med dei nye stolane!



# Fest for folk flest

Med flunkande nye stolar og nybona golv, var det ikkje berre dei 175 festpynta julefestdeltakarane som glitra, då det vart arrangert julefest i Foldnes kyrkje søndag 6. januar.

**TEKST OG FOTO: MARIA TVETEN**

Julefest hedrar tradisjonane og i år var ikkje noko unntak: Juletregang med fleire ringar, quiz kor dei laga med størst alderssprik hadde ei absolutt fordel, julesongar, kakebord, hot-dog og andakt ved Maria «Gjetaren» Tveten. Foldnes barne-gospel song som om dei ikkje gjer

noko anna, og etter kvart fekk alle vere med i koret om dei hadde lyst. Eit par fenomenale blåsarar, Felix og Borna, spela julesongar på klarinett og saksofon. Det var heller inga stor overrasking at Dei heilage tre kongar kom innom på sjølvaste «Heilage tre kongars dag». Heldigvis vart ingen

skuffa over at dei ikkje hadde gull, røkelse og myrra med seg. Vi er takksame og småleg henrykte over denne festlege tradisjonen. Berre eit år igjen til neste julefest!







## Landro gravplass – anleggsarbeidet er i gong

TEKST OG FOTO: KYRKJEVERJE OLAV MARTIN VIK

Arbeidet med å utvide Landro gravplass har starta. Heile 2018 har gått med til overordna planlegging, detaljplanlegging og godkjenning i ulike organ.

No er ein i gong med sjølv anleggsarbeidet og det er i samsvar med tidsplanen for prosjektet. For dei som ferdast i området så vil ein sjå at i starten vil ein arbeide med vegen som ligg inntil den nye gravplassen. Også kraftlinene som er i området må det gjerast noko med. Dei (høgspennten) skal ned i grøft langs vegen. Vegen mellom Landro og Vindenes vert påverka av anleggsarbeidet, noko ein har tatt med i planlegginga når det gjeld trafikkavvikling i området.

Det er Fjell kommune som har ansvar for planlegging, finansiering og

bygging på vegne av Fjell kyrkjelege fellesråd. Sartor Maskin er hovudentreprenør for arbeidet. I tillegg er lokal vegmyndigheit, BKK, Fjellvar og andre aktørar medverkande i gjennomføring av arbeidet.

Det er eit godt samarbeid mellom kyrkjeverja på vegne av fellesrådet og Fjell kommune i prosjektet. Også politiske organ i Fjell kommune har vore raske i si handsaming av sakene i 2018. Prosjektet har høg prioritet fordi det er få ledige graver att på eksisterande Landro gravplass og det hastar med utviding. Arbeidet skal vere ferdig hausten 2019.

Fjell kommunestyre har gjort vedtak om finansiering. Tiltaket inklusive veg og fortau i planområdet er kostnadsreka til ca. 30 mill. inklusive mva.

Det vert 840 graver på den nye gravplassen, av dette ca. 300 urnegraver og 40 graver for andre trussamfunn.

Parkeringsplassen (som ligg nede ved vegen) vert ombygd og kapasiteten vert dobla. Dette arbeidet vert gjort i første del av anleggsfasen, saman med veg og fortau.

# Fest for sansane

Mange har sans for tradisjonar i kyrkja i juletida. Tradisjonar med innhald, minne og meining. Tradisjonar som gjev røter og venger. Juletreffest er ein slik tradisjon.

TEKST OG FOTO: ANNE LUDVIGSEN KALDESTAD



Laurdag 5. januar fekk over hundre juletreffest-gjester i Landro kyrkje eit par spanande spørsmål: «Korleis lukter ein juletreffest?» og «korleis smaker og lyder ein juletreffest?». Ein fekk sannelig friske opp sansane denne laurdagen. Det lukta kaffi, granbar og mandarin. Det lydde flotte, fengande tonar frå musikarar og barne- og tweenskor. Og det smakte vedunderleg då folk fekk nyte godsakene frå det rikhaldige kakebordet. Lattermusklar og juletrefføter fekk trimme seg, og hjarta vart varma av venlege andaktsord om Guds kjærleik. Ein fest for sansar, tru og fellesskap på veg inn i det nye året. Takk!

## Statistikkar for 2018

Dette er eit utdrag av nokre nøkkeltal for sokna i Fjell kommune:

Frammøte på gudstenester	2018	2017
Landro	6324	5875
Foldnes	11394	11566
Fjell	9815	10313

Konfirmantar	2018	2017
Landro	50	46
Foldnes	105	104
Fjell	90	87

Offer totalt	2018	2017
Landro	172 326	144 957
Foldnes	276 199	256 112
Fjell	228 814	250 773

Givarteneste i kyrkjelyden, totalt	2018	2017
Landro	91 466	65 233
Foldnes	156 157	110 933
Fjell	71 967	65 233

Andre innsamlingar (basarar m.m.) totalt	2018	2017
Landro	55 568	51 092
Foldnes	162 046	170 661
Fjell	106 112	71 607



## T3 Advent


Familiegudsteneste med utdeling av julebok til 3-åringane.



## T12

### LysVaken

Overnatting i Fjell kyrkje med gudsteneste dagen etter.



Påmelding til T-dagane

[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)



## Invitasjon til T-dagar

### T9 Tårnagentdag

**Når:** Fredag 1. februar

**Kor:** Fjell kyrkje

**Kva:** Denne dagen er det planleggingsdag på dei fleste barneskulane i kommunen, og vi inviterer alle tredjeklassingar til å tilbringe heile denne dagen i Fjell kyrkje. Det blir ein «T9 Tårnagentdag», der tårnagentane skal få gå på oppdagingsferd i kyrkja og gjere mykje kjekt i lag.



### T8 Lat oss be

**Når:** Laurdag 16. februar

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Vi inviterer andreklassingane med heile familien til T8-dag i Foldnes kyrkje. Dette er ein heilt flunkande ny T-dag som vi gler oss til å feire saman med dykk. Det blir mange ulike aktivitetar (til dømes ein heilt spesiell bønnevandring i kyrkjerommet) som de kan gjere saman som familie. Vi skal òg ha formingsaktivitatar, musikk og eit felles måltid. Velkomen!



### T4 Kyrkjeboka mi

**Når:** Søndag 17. februar

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Det blir familiegudsteneste og utdeling av «Mi eiga kyrkjebok» til dei som er fødde i fyrste halvår av 2015. Etterpå blir det deilig kyrkjekaffi. Velkomen med heile familien!



### T13 Film og forsoning

**Når:** Fredag 29. mars

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Vi skal møte «Tuppen og Lillemor», sjå film, ete saman og gjere ulike, gøyne oppgaver.



### T2 Påskevandring

**Når:** Laurdag 30. mars

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Saman med borna skal vi vandre rundt i kyrkjerommet og oppleve dei ulike dagane i påska.



## Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 3. februar	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp og nattverd	FUNK
Laurdag 9. februar	14:00	Dåpsgudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Kirkens Nødhjelp
Søndag 10. februar	11:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 17. februar	11:00	T4 Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp	Søndagsskolen/Eige arbeid Trusopplæring
Søndag 3. mars	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 10. mars	11:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Nattverd	Bibelselskapet
Søndag 17. mars	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 24. mars	11:00	Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos

## Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 3. februar	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsalliansen
Søndag 10. februar	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 17. februar	11:00	T4 Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Den Norske Israelsmisjon
Laurdag 23. februar	14:00	Dåpsgudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Eige arbeid
Søndag 24. februar	19:00	Bibel, bønn og lovsong	Bjarte Nese	Nattverd	Areopagos
Søndag 10. mars	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Laurdag 16. mars	14:00	Konfirmant dåpsgudst.	Bjarte Nese	Dåp	Eige arbeid
Søndag 17. mars	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	NKSS - Norges kristelige student og skoleundomslag
Søndag 24. mars	11:00	Gudsteneste		Dåp og nattverd	Det norske misjonsselskap (NMS)

## Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 3. februar	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 10. februar	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	NKSS - Norges kristelige student og skoleundomslag
Søndag 17. februar	11:00	T4 Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Søndagsskolen/Eige arbeid Trusopplæring
Søndag 3. mars	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 17. mars	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp og nattverd	Sjømannskirken
Søndag 24. mars	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Ope offer

## Bjørøy bedehus

Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 10. februar	18:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	

Med atterhald om endringar. Sjå også [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) for gudstenesteoversikt.



## Fjell kyrkje

**Døpte****08.12.2018**

Louis Elish Rød Vinterstø

**26.12.2018**

Stella Rye-Holmboe

**06.01.2019**

Mathias Foldnes

Luna Holgersen Bildøy

Leo Bjørøy Solberg

Aurora Linnea Ellefsen Tennebekk

**Døde**

Odd Reidar Skoge	f. 1923
Oddvar Magne Skjønhaug	f. 1957
Oddny Gerd Telnes	f. 1920
Sigrun Henriette Falch	f. 1947
Kåre Skjønhaug	f. 1928
Eva Lotsberg	f. 1922
Harald Hagenes	f. 1930

## Foldnes kyrkje

**Døpte****17.11.2018**

Ella Sofie Dale Gustavsen

**18.11.2018**

Sara Monsen

Nora-Helen Dalen

Nora Telle Waardal

**24.11.2018**

Markus Skumsnes Sæle

Olai Vikne

**Døde**

Gunn Emihjellen Bildøy	f. 1954
Anna Petrine Misje	f. 1933
Leif Larsson	f. 1945
Beate Dal	f. 1975
Mary Vetaas	f. 1915
Haldis Foldnes	f. 1931
Borgny Straume	f. 1923
Kåre Mathias Ebbesvik	f. 1933
Audun Ståle Bjørdal	f. 1924
Merethe Bertine Bøe	f. 1974

## Landro kyrkje

**Døpte****11.11.2018**

Mads Tennebekk Nielsen

**Døde**

Nils Jakobsen Landro	f. 1929
Ragnhild Moland	f. 1927

Vår Herre Jesus Kristus seier  
"Eg er oppstoda og livet.  
Den som trur på meg, skal  
leve om han så døyr. Og  
kvar den som trur på meg,  
skal i all æve ikkje døy."  
Joh. 11. 25-26

*Dersom du saknar informasjon om døpte eller vigde: Personvernreglane gjer at me må ha samtykke om publisering avnamn på døpte og vigde. Slikt samtykke vert innhenta før publisering.*

Velkommen til

# KM KLUIZZ

Fra 16.30 i Foldnes kirke

**ALLE ER HJERTELIG VELKOMMEN!**

**Våren 2019:**

08. Januar
05. Februar
05. Mars
02. April
14. Mai
04. Juni

**Program :**

Middag
Andakt
Aktiviteter

For mer informasjon, følg oss på facebook: «KM Kluzz»

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

Det er kyrkjeval i 2019. Dagar for val er lik kommune- og fylkestingsvalet. Nokre stadar er det val både søndag og måndag. Valdagen hos oss er måndag 9. september. Sokneråda som er valstyre for kyrkjelvalet lokalt arbeider med å peike ut nominasjonskomitear som skal finne kandidatar til soknerådsvalet. På valdagen vert det høve til å røyste i lokale som ligg i nærleiken til kommune- og fylkestingsvalet.

I kommande nummer av kyrkjebladet vert det gitt meir informasjon om førehandsrøysting, kandidatar, manntal m.m.

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en  
tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



## Gravferds

hjelpen

Vi kan hjelpe til med  
rådgivning og tilrettelegging  
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 27 28 29  
www.gravferdshjelpen.no  
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen



- koldtbord kr 229,- pr. pers
- snitter kr 25,-
- marsipankake 500,-

**Leves**  
bakeri &  
catering

for bestilling ring 56333310/56334410  
vi holder til på Kolltveit Kai



Leirstedet til IMF  
Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -  
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til  
små og store anledninger -

Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



## Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

## Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS  
har fusjonert med  
Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) • [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203

Fax. 56 32 08 75



**Bjorgvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)

Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Ny adresse:  
Idrettsvegen 113 C

 **Royal  
Cateringservice AS**

[www.royal-cateringservice.no](http://www.royal-cateringservice.no)

## Kontaktinfo

### Soknerådsleiarane

#### Fjell sokneråd:

Anne Elisabeth Møvik Hornnes  
e-post: [aehornne@online.no](mailto:aehornne@online.no)

#### Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik  
e-post: [perhelgerefvik@msn.com](mailto:perhelgerefvik@msn.com)

#### Landro sokneråd:

Dag-Olav Bjørøy  
e-post: [bjoroy@online.no](mailto:bjoroy@online.no)

### Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese	55 09 74 52
Sokneprest Maria Tveten	55 09 74 46/ 450 63 016
Soknediakon Torbjørn Fjøren	55 09 74 47/ 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Jon Andreas Tjentland	994 68 870/ 905 16 472
Sentralbord	55 09 74 40

### Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no) ved manglande levering.

# T1

[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)

T1-dag med  
**aby Song**

Velkomen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl 10.30-12.30:

- 21. januar: Landro kyrkje
- 18. februar: Fjell kyrkje
- 18. mars: Foldnes kyrkje
- 29. april: Landro kyrkje
- 27. mai: Fjell kyrkje
- 3. juni: Foldnes kyrkje

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)



## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**

# v:pps

Takk for di gåve!

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511

Foreningen Basecamp: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022



Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato.



# Barnekryssord

Returadresse:  
Fjell kyrkjekontor  
Postboks 184  
5342 Straume



## Vannrett:

1. Guttenamn
3. Overfall
4. Guttenamn
5. Mat
6. Unni Dávøy
7. Finbeck og ...
8. Sint
10. Forente Nasjoner
11. Overrekke
12. Guttenamn
14. Randi Nilsen.

## Loddrett:

1. Først av 12
2. Ukedag
3. Tørka drue
4. Org. «Med Israel for fred»
9. På hesteryggen
13. Jentenavn.

Bli med i trekninga  
av hamburger med  
drikke og dessert for  
4 personar på Burger  
King Sartor!



Send inn kryssord til:  
Fjell kyrkjekontor  
PB 184, 5342 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord  
i nr. 6 – 2018:  
Olav Henriksen  
frå Kolltveit

Namn:.....

Adresse.....

.....

## Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

### Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30.  
For heile familien.  
Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder  
med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn  
i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad  
kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og  
felleskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og  
oppover. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og  
oppover. Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik tlf. 415 07 011
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt  
lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden.  
Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

### Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Retreatkvelder:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00.  
Tekstlesing, musikk og bøn.  
Kontaktperson: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00.  
For deg som går i 5. klasse og oppover.  
Kontakt: Søgne Lillevik Nielsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblat  
Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor,  
tysdagar kl. 19.00–21.30.  
Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag  
kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988
- Fjell barne-  
og tweenskor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker)  
kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323.  
Tweenskoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker)  
kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

### Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag.  
Tale, lovsong og sosialt samvere.  
Kontakt: Torbjørn Fjøren tlf. 55 09 74 47
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00.  
For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52
- Nordre Fjell  
Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag.  
Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00.  
Felleskap med god mat, undervisning og song.  
Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Landroklubben:** I kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30–22.30.  
8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52